

RAPPORT FRÅ EIGARUTSENDING. GENERALFORSAMLING I NJØS NÆRINGSUTVIKLING AS

Oppdrag gitt i brev av 9/7 2014 l.nr 23246/14

1. Namn på selskapet: Njøs Næringsutvikling AS
2. Vararepresentant Lars Hustveit møtte på generalforsamlinga på vegne av fylkeskommunen
3. Dei største prosjekta i 2013 var Arena frukt og bær, Sogn fruktrute og Atlantberry
4. Rekneskap og årsmelding. Driftsresultatet endra seg frå negativt i 2012 (- kr 9104) til positivt i 2013 (kr 64738). Dette på trass av at sum driftsinntekter gjekk ned frå 5.297.696 i 2012 til 4.306.850 i 2013. Nedgangen skuldast at store prosjekt vart avslutta tidleg i 2013. Den finansielle risikoen er knytt til tilgang på prosjekt. Det kom ikkje fram opplysingar som tyder på spesiell stor risiko no.
5. Selskapet driv i samsvar med føremålet
6. Omtalen i eigarmeldinga er framleis gjeldande m.o.t. målet med fylkeskommunen sitt eigarskap
7. Målet med fylkeskommunen sitt eigarskap er føremålstenleg. I FT-sak 54/06 er det sagt at fylkeskommunen skal vere aktiv eigar i 5-10 år. Eigarskapen bør i tråd med denne føresetnaden vurderast eit av dei første åra.
8. Ingen styringssignal frå fylkeskommunen vart kommenterte på generalforsamlinga
9. Ingen spesiell grunn til å skifte utsending
10. Etisk regelverk vart ikkje etterpurt på generalforsamlinga. Tidlegare har eigarutsending rapportert at verksemda ikkje har slikt regelverk.
11. Innkallinga til generalforsamlinga er tilgjengeleg på ESAK 13/6795-37 og protokollen på ESAK 13/6795-44